

**Namn på skulen: Stord vgs**

**Tal elevar skuleåret 2015/16:**

## **1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**

**Skulen si vurdering i lys av:**

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

### **1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)**

2014/15	84
2015/16	82.9

### **1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)**

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	11.01	11.08
	2015/16	8.39	7.08
Standpunkt	2014/15	6.19	4.22
	2015/16	3.45	4.91
Eksamen	2014/15	8.37	
	2015/16	5.33	

### **1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)**

2014/15	timar	25.12
	dagar	6.3
2015/16	timar	22.02
	dagar	4.9

### **1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)**

2014/15	3.5
2015/16	3.9

### **1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17**

***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Tross noko nedgang, har me framleis gode tal på fullført og bestått på skulenivå, spesielt på yrkesfag og påbygg samanlikna med fylkessnittet. Me har også generelt ei positiv utvikling frå førre skuleår med færre IV og strykkarakterar.

Dei beste resultatata har me på Elektro og MK. Byggfag og TIP skil seg ut som to utdanningsprogram der me har høge sluttartal og ei gjennomføring- og fullførings-% som ligg under fylkessnittet.

***Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Skulen har fokus på å få overføre informasjon om elevane frå grunnskulen til vidaregåande skule, og mellom trinna i vgs. Rådgjevarane spelar ein nøkkelrolle her, men kontaktlærarar og avdelingsleiarar tek også del i dette arbeidet. Skulen har mellom anna utarbeidd eit spørjeskjema I bruk i arbeidet.

Frå august 2016 startar me opp med Drømmeskolen, som er et prosjekt retta mot fråfall og for eit betre læringsmiljø. Prosjektet er spesielt retta mot VG1-elevar som i overgangsfasen mellom u-skulen og vgs er spesielt utsette for fråfall.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Me har dessverre ein noko høgare sluttar-% enn skuleåret 2014/15, men har framleis ein betre sluttar-% enn fylkessnittet på skulenivå. I tal utgjer sluttarane tre fleire elevar enn i fjor, men det var også fleire som slutta før 1. oktober enn skuleåret 2014/15.

Aukande fråvere er ofte eit forvarsel for sluttarar. Me har rutinar for å følge elevfråværet i haust- og vårsemester, men ser likevel at det kan gå for lang tid frå fråværet aukar hos eleven til tiltak blir sett inn. Dårlege rutinar for fråværsregistrering kan forsinke arbeidet.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Utfordringar og tiltaka som er omtalt vil inngå i skulen sin utviklingsplan komande skuleår.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

**Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

***Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Elevane gir uttrykk for at dei ikkje er heilt nøgde med vurderingane som dei får frå lærarane. Dei etterlyser meir eksakt vegleiing i korleis oppnå dei karakterane dei ynskjer, dei ynskjer fleire vurderingar og fleire resultatsamtaler. Nokre elevar synest at munnlege vurderingar er betre enn skriftlege vurderingar og andre synest det motsette.

Lærarane melder om at dei har minst to resultatsamtaler med kvar elev i kvart fag pr. termin, i tillegg har dei vurderingssamtaler etter kvar vurderingssituasjon. Dei skriv gode framovermeldingar til kvar vurderingssituasjon.

#### 2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

***Utfordringar:***

Å formidle framovermeldingane til elevane på ein slik måte at elevane kan nyttiggjere seg det. Å få nok tid med elevane til å ha grundige vurderingssamtaler med kvar elev utan at det går ut over tida til undervisning.

Skulen mangler høvelige rom til å ha uforstyrra vurderings- og resultatsamtaler med elevane.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

***Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Avdelingsleiarar og fagansvarlege har ansvar for at seksjonane arbeider målretta med pedagogisk bruk av IKT-verkty. Skulen arrangerer kurs for tilsette og elevar. Har og nytta HFK sine E-pedagogar til kurs i m.a.Gskole,GAFE,Iskole,Office365,Onenote,Smartboard osv. Elevopplæring av både elevsuperbrukarar og våre IKT-konsulentar ang. programvare ved skulestart og eksamensførebuingar. Utvikling av ein ressursbank innanfor digitale hjelpemiddel i spesialundervisning. Har og jamn kursing av IKT konsulentar, e-koordinator og lærling.

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

#### ***Utfordringar:***

Skaffa nok midlar til opprusting og innkjøp av digitale tavler, smartboard, prosjektørar opprusting av nettverk og anna AV-ustyr. Sikra alle digital eksamen. Sikra nok hjelp til dei som slit med bruk av IKT.

## 2.3 Klasseleing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleing»:

***Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Skulen har oppretta eit tettare samarbeid mellom yrkesfag- og fellesfaglærarar. Dette samarbeidet må utviklast vidare. I tillegg er det oppretta vg1 team som består av kontaktlærar og 2 andre lærarar som har klassen mykje. Dette samarbeidet har ført til at ein får diskutert saker som gjeld klassen tidlegare enn i dei tradisjonelle klasselærarråda. Elevane har klassen sin time som arena for sine meiningar om klassemiljø og skulekvardag. Elevane uttrykkjer dette gjennom gode resultat på trivsel og at det er lite mobbing på skulen

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleing»

#### ***Utfordringar:***

Tid til samarbeid mellom lærarane på yrkesfag er ei utfordring i og med at fellesfaglærarane

underviser på fleire bygg.  
Plassering av klassen sin time på timeplanen, i studieretningar med 35 timers veke, er ei utfordring

### **3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med**

#### **3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket**

FYR- Fellesfag, yrkesretting og relevans. Skulen har jobba særskilt med FYR i frå våren 2015 og i skuleåret 15/16. Alle yrkesfaglærarane på skulen og fellesfaglærarane som underviser på yrkesfag har deltatt i arbeide. Målsetjinga for skuleåret var at alle elevane skal delta i eit eller to prosjekt i alle fellesfag i løpet av skuleåret.

#### **3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?**

Skulen valte dette tiltaket for å gjera undervisninga relevant og dermed å auke motivasjonen blant elevane. Vi ser altså FYR som eit hjelpemiddel for å oppnå auka læringsutbytte og fullføring.

#### **3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

Leiinga hadde en målsetning om at alle elevane i løpet av skuleåret skulle delta i eit til to FYR-prosjektarbeider i alle fellesfag bortsett frå kroppsøving. Dette ble introdusert på 3 felles avdelingsmøter i hausten 2015 og på eit møte kor rektor og leiinga samt alle som jobbar med FYR var tilstade. På siste møte ble det vist eksemplar på undervisningsopplegg og kontaktlærarane fekk i oppdrag å rapportera når resten av klassane hadde gjennomført eit prosjekt. Alle elevane har i løpet av skuleåret deltatt i minst eit FYR arbeid. Målsetjingane for FYR var beskjeden, men dei ble nådd. Skulen har hatt FYR- koordinator i 25 % stilling. I skuleåret vart det gjort et prøveprosjekt med at fellesfaglærarar høyrde til avdeling Bygg, elektro og IKT.

#### **3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?**

For mange av fellesfaglærarane er det blitt naturleg å planlegge yrkesretting av fellesfaga for neste skuleår. Det er utvikla fleire gode undervisningsopplegg kor elevane lagar instruksjonsvideo på norsk eller engelsk. Elevane lagar då filmar som beskriver arbeidsoperasjonar i yrkesfaget ved hjelp av munnleg engelsk og norsk. Leiinga legg til grunn at undervisningspraksis har blitt forbetra slik som intensjonen er i Udirs FYR satsing.

#### **3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?**

Skulen planlegg å jobbe vidare med tiltaket. Prøveordninga med fellesfaglærarar organisert i en yrkesfagavdeling blir vurdert vidareført. FYR-koordinator vidareføres i 12,5 % stilling i neste skuleår. Ambisjonsnivået auker til to prosjekter i alle fellesfag bortsett frå kroppsøving. Nye fellesfaglærarar blir trekt inn i FYR arbeidet gjennom kollegabasert veiledning. Arbeidet blir leia i samarbeid mellom avdelingsleiarar på yrkesfag og studieførebuande.

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### **4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Hausten 2016 var utviklingsplanen eige tema for leiarane, og det vart arbeida med overordna mål for heile skulen. Etter det fekk kvar avdeling ansvar for å lage utviklingsmål som passa til kvar seksjon/avdeling. Desse vart omtalt i utviklingsplanen og lagt på skulen sitt fellesområde. Utover i året har det jamleg vore evaluering om korleis arbeidet går.

### **4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Dei tilsette har vore med i heile prosessen, noko me meiner er med på å skape eigarskap og involvering i planarbeidet og gjennomføringa av utviklingsarbeidet. Det pedagogiske personalet er forplikta gjennom fellestida og samarbeidstid avdeling - og seksjonsvis.

### **4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Heile det pedagogiske personalet er involvert i utviklingsarbeid, men til ulik tid og knytt til ulike utviklingsprosjekt. Skulen har i år ikkje eit stort, felles satsingsområde, noko som fører til at involveringa er ulik frå avdeling til avdeling.

### **4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Elevrådet er aktivt på mange områder. Dei har vore invitert på leiarmøte for å kome med innspel som opptek dei i skulekvardagen. Dei var aktive i VBV-møte skulen hadde hausten 2015.

### **4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Nok felles møtetid er ei stor utfordring.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### **5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Starte prosessen med lærande møte, der det nye styringsdokumentet vert delt ut i forkant, med ei forventning om at alle har sett seg inn i det.

Implementere styringsdokumentet i det daglege arbeidet, og i dei aktuelle fora/arenaer det vert fatta vedtak, slik som leiarmøte, ressursteam, inntaksteam, drøftingsmøta/AMU og avdelingsmøta

Skulen er i gang med «Drømmeskolen», eit forskingsbasert prosjekt som tek sikte på å betra det psykososiale læringsmiljøet til elevane som eit ledd i arbeidet mot auka læringsutbytte og fullføring.